

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus, møterom føretaksleing

MØTETIDSPUNKT: 19.12.16 kl. 09.00-13.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Stina Steingildra	Kommunikasjonsrådgivar
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

SAKLISTE

Sak 076/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 077/16	Godkjenning av protokoll 25.11.16
Sak 078/16	Administrerende direktør si orientering
Sak 079/16	Rapport frå verksemda
Sak 080/16	Oppnemning av brukarutval

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 081/16	Revisjon av lovpålagte samarbeidsavtalar mellom Helse Fonna og kommunane	Vedlagt
Sak 082/16	Leiingas gjennomgang av internkontroll	Vedlagt
Sak 083/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Lukka del

Sak 084/16, blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr.4

Sak 084/16	Evaluering av administrerende direktør og regulering av lønn	Vedlagt
	Styret sitt kvarter	
	Styret si eigenevaluering	

Sak 076/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Administrerende direktør melde eit notat til informasjon i sak 078/16 punkt 10
Anskaffing av ambulansébåt . Styret vedtok å lukke saka etter Helseføretakslova § 26a.

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 077/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 25.11.16**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 25.11.16

Sak 078/16 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
4. Presentasjon av PhD Miriam Hartveit
Miriam Hartveit presenterte si doktorgradsavhandling
“Bridging the Gap between Primary Care and Specialized Mental Health Care - A mixed method study of the quality of referral information and the referral letters’ potential impact on quality of care”.
5. Status Bygg Haugesund
Laila Nemeth presenterte ein oversikt over kva det arbeidast med i byggprosjektet no. Teikningar /romprogram blei presentert og vegen vidare i prosjektet blei skissert.
6. Orientering om arbeidet med fristbrot og ventelister
Klinikkdirektør Reidun Mjør presenterte tal for aktivitet ved Stord sjukehus hittil i 2016, utvikling av fristbrot og ventetider samt iverksette og pågåande tiltak.
7. Prosjekt Stord og Odda sjukehus
Administrerende direktør orienterte om prosjektet ved Odda sjukehus som nå er i slutfasen og om vidare prosess for «Prosjekt Stord og Odda i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019) Administrerende direktør tar sikte på å legge fram rapporten som ei orienteringssak for styret i januar og tilrå at den blir sendt på høyring. Det er planlagt at styret i Helse Fonna HF får rapporten til handsaming i mars 2017.
8. NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten
NOU rapporten blei delt ut i møtet. Styret vil gi innspel til NOU rapporten. Administrerende direktør legg fram forslag til høyringsinnspel i styremøtet 13.01.17.
9. Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2015
Dokument 3:2 (2016-2017)
Rapporten blei delt ut i møtet. Administrerende direktør viste til tema i rapporten som er aktuelle for helseføretaka.
10. Informasjon om anskaffing av ambulansébåt.
Saka blir handsama i lukka del av møtet.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 079/16 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Resultatet for perioden syner eit overskot på 3,7 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit positivt budsjettavvik på 0,4 millionar kroner.

Akkumulert er det økonomiske resultatet på 29,6 millionar kroner mot budsjettert overskot på 36,7 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 7,0 millionar kroner. Prognosen for 2016 er førespeglar eit resultat på 30 millionar som er 10 millionar lågare enn budsjett. Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 4,8 millionar. Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 0,7 millionar kroner.

Personalkostnadane inkl. leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 3,9 millionar Avviket skuldast leige frå byrå, og overtid/ekstrahjelp.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,1 millionar kroner. Pr november måned synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 88,5 millionar kroner. Det utgjer 85 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 399,7 millionar kroner, noko som er ei forverring på 40,9 millionar kroner i forhold til førre måned.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng, sjukehusopphald, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar er høgare enn plan.

Ventetid/fristbrot

Det var 32 ventande pasientar som hadde fristbrot (1 prosent), så godt som alle innan somatikken.

Ventetida for alle behandla pasientar var på 56 dagar, godt innanfor målkravet.

I somatikken var ventetida i snitt 58 dagar. Føretaket er no innafor alle krava innan somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling.

Fleire enn fire av fem epikriser blei sendt innan fristen, noko som er ein betring frå førre måned. Talet på korridorpatientar (døgn) har gått noko opp sidan førre måned. 2,7 prosent var på korridor i perioden. I november måned var det 51 utskrivningsklare pasientar som tilsaman låg 177 dagar i sjukehusa i Helse Fonna etter at dei var melde utskrivningsklare.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern

Tal døgnbehandling for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan, polikliniske konsultasjonar høgare enn plan. Innan BUP er polikliniske konsultasjonar høgare og tal døgnbehandling lågare enn plan.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i november var 7,2 prosent.

I november 2016 blei det meldt 359 saker til forbettringssystemet Synergi. Pr november er 41% av meldingane pasientretta og 10% retta mot HMS/ansattskade.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 080/16 Oppnemning av brukarutval

Oppsummering

I gjeldande retningsliner står det at brukarutvalet mellom anna skal vere eit rådgjevande organ for styret og administrerande direktør i føretaket i saker som angår tilbodet til pasientar, brukarar og pårørande. Utvalet skal og vere eit fora for tilbakemeldingar om erfaringar med helsetenesta, og vere samarbeidsorgan mellom helseføretaket og brukar- og pasientorganisasjonar. Brukarutvalet skal delta i planarbeid og føreslå representantar til råd og utval, men ikkje handsame enkeltsaker som til dømes pasientsaker.

Nytt brukarutval blir oppnemnd for to år med virketid frå 01.01.17

Felles retningsliner i Helse Vest for samansetting av brukarutval er lagt til grunn for forslag til brukarutvalet i Helse Fonna kommande periode. Det er totalt ni medlemmar/vara medlemmar som går ut av brukarutvalet frå januar 2017.

Det nye brukarutvalet i Helse Fonna vil ha ni medlemmer.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek forslaget til nytt brukarutval for perioden 01.01.17 - 01.01.19

Sak 081/16 Revisjon av lovpålagte samarbeidsavtalar mellom Helse Fonna og kommunane

Oppsummering

Etter helse- og omsorgstenestelova § 6-5 skal partane «årlig gjennomgå avtalen med sikte på nødvendige oppdateringar eller utvidelser».

I styresak 61/13 A punkt 2. vedtok styret i Helse Fonna å gi «administrerande direktør fullmakt til å godkjenna faglege endringar som følgjer av seinare revisjon der desse ikkje har prinsipielle administrative eller økonomiske konsekvensar».

Gjennomgangen av avtalane som no er gjort er ikkje vurdert til å få prinsipielle administrative eller økonomiske konsekvensar, og vil bli handtert administrativt i tråd med styret sitt vedtak.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar saka til orientering

Sak 082/16 Leingas gjennomgang av internkontroll**Oppsummering**

Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta pålegg tenesta å ha eit system for internkontroll for å sikre at verksemda er organisert i tråd med krava.

Det følgjer av Helsedirektoratets rettleiar til forskrifta, IS-1183, at det er øvste leiar som har ansvaret for internkontrollen. For helseføretak er dette administrerande direktør.

Administrerande direktør opplyste at ny forskrift om internkontroll blir gjeldande frå 01.01.17

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar saka til orientering.

Sak 083/16 Eventuelt**Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2016
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.10.16
3. Regjeringa sin tiltakspakke for auka sysselsetting – innmelding av aktuelle tiltak 2017, med vedlegg
4. Internrevisjon av bruk av tvang i psykisk helsevern – Andre oppfølging, med to vedlegg
5. Tilbakemelding på varsel sendt over til lokal oppfølging.

Skriv og meldingar blei tatt til etterretning

Lukka del jf. Helseføretakslova §26 a, 2.ledd nr. 4.

Sak 078/16 notat 10

Administrerande direktør informerte om anskaffing av ambulansesbåt.

Sak 084/16 Evaluering av administrerande direktør og regulering av lønn**Vedtak [samrøystes]**

Styret er svært godt fornøyd med arbeidet til administrerende direktør. Han ønsker ikkje vere lønsleiar.

Løna til administrerende direktør blir regulert opp med kr. 37.000,- frå 01.01.16

Ref. Ingebjørg Kismul

19.12.16

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Sett: Gunnar Birkeland	Medlem
Sett: Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem